



ULSTEIN KOMMUNE

KOMMUNEDELPLAN FOR LANDBRUK 2021 - 2031



Foto: Kristin Myrene

Vedteke i Ulstein kommunestyre sak KST PS 21/107
25.11.2021

www.ulstein.kommune.no

Innhold

1. Innleiing	2
1.1 Organisering av arbeidet	2
1.2 Medverknad	3
1.3 Overordna mål for landbruks- og matpolitikken i Noreg	3
1.4 Regionale føringar	4
1.5 Lokale føringar	4
1.6 Berekraftsmål	5
2. Landbruket i Ulstein kommune – status og utfordring	6
2.1 Sysselsetting og verdiskaping i landbruket.....	6
2.2 Jordbruksdrift	7
a. Arealressursane	7
b. Husdyrproduksjonen	9
2.3 Kulturlandskap og beitebruk	10
2.4 Klima, energi, forureining	10
2.5 Driveplikt – auka matproduksjon	10
2.6 Tilleggsnæring	11
2.7 Skogbruk	11
3. Handlingsprogram	12
3.1 Synleggjere landbruket i lokalsamfunnet.....	13
3.2 Miljø- og klimatiltak.....	14
3.3 Jordvern	16
3.4 Auka matproduksjon	17
3.5 Kulturlandskapet	18
3.6 Driveplikta	19
3.7 Tilleggsnæring	19
3.8 Utnytting av skogressursane	20

1. Innleiing

Landbruksdepartementet har gjennom ulike styringssignal oppmoda alle kommunane til å utarbeide ein kommunedelplan for landbruket. Ulstein kommune vedtok i sin planstrategi for 2019-2023 å byrje dette arbeidet. Landbruksplanen i Ulstein skal vere eit verktøy for den kommunale landbruksforvaltninga og planen skal vere ein kommunedelplan som gjev innspel til framtidig arealforvaltning og samfunnsutvikling. Landbruksplanen omfattar stadbunden næring som jord- og skogbruk, samt tilleggsnæringar innom landbruket.

I planomtalen til kommuneplanen sin arealdel skriv kommunen *«med knappe arealressursar er det eit hovudmål å rasjonalisere mest mogleg med tilgjengeleg areal i kommunen»*. Planen har nokre undermål som særskilt skal verne landbruket ved å unngå inngrep i:

- Samanhengande godt arronderte jordbruksareal og høg-produktive mindre areal.
- Kulturlandskap av heilskapleg karakter.
- Godt arronderte dyrkings- eller skogreservar med god jord.

Staten forventar at kommunane utviklar ein eigen lokal landbrukspolitikk som ligg innanfor rammene av den nasjonale landbrukspolitikken, og innanfor føringane av den regionale landbrukspolitikken. Lokalpolitikarane skal vere kjende med den nasjonale landbrukspolitikken og landbruket si mangesidige rolle i samfunnet. Kommunen skal analysere utviklingstrekk og framtidsperspektiv for landbruket. Kommunen skal og støtte opp om nyskaping, omstilling og verdiskaping i sektoren, ta vare på arealgrunnlaget for matproduksjon og bruke dei juridiske og økonomiske verkemidla for å nå landbrukspolitiske mål i lokalsamfunnet.

For Ulstein kommune har behovet for å lage ein landbruksplan vore etterspurt med fleire anledningar gjennom politiske fora i kommunen. Frå nærings- og interesseorganisasjonane har det og vore ynskje om at kommunen prioriterer ein plan for landbruksnæringa. Landbruket er ei arealkrevjande næring som har behov for føreseielege rammer. Samstundes vert det færre bønder som driv aktivt landbruk som heil- eller deltidsarbeid. Det er likevel fleire bønder som driv både eigen og andre sine jordbruksareal.

Gjennom arbeidet med ein landbruksplan skal vi gje retningslinjer for jordvern og matproduksjon. Vi vil og vise korleis eit aktivt landbruk påverkar miljøverdiane og formar kulturlandskapet. Målet med landbruksplanen er å gi kunnskapsgrunnlag til arealplanlegging og næringsutvikling. Planen skildrar landbruksproduksjon, verdiskaping og utviklingstrekk i Ulstein. Planen foreslår strategiar for landbruksforvaltninga ut frå dei føringane som er gitt frå nasjonalt og regionalt hald. Landbruksplanen skal både vere eit planverktøy og eit oppslagsverk for innbyggjarar og politikarar som vil vete meir om landbruket i kommunen.

1.1 Organisering av arbeidet

Planarbeidet har vore organisert gjennom ei administrativ arbeidsgruppe og ei politisk styringsgruppe. Formannskapet er den politiske styringsgruppa som har fullmakt til å godkjenne planprogram, leggje ut planframlegg til offentleg ettersyn og elles ha funksjon som administrasjonen sitt næraste politiske rådgjevings- og avgjerdsorgan i prosessen. Den administrative prosjektgruppa har bestått av:

Jarand Holtekjølen Dugstad, interkommunal samfunnsplanleggjar (fram til 15.01.2021)
 Anne Kathrine Løberg, avdelingsleiar ved landbruksavdelinga i Herøy (vertskommune)
 Oddvar Gjerde, rådgjevar ved landbruksavdelinga i Herøy (vertskom.) (fram til 01.10.2021)
 Arild Støylen, ingeniør byggesak/miljøvern ved Teknisk etat
 Lillian Flø, representant for landbruksnæringa i kommunen (frå og med 22.10.2020)
 Alv Ottar Folkestad, representant for landbruksnæringa i kommunen (frå og med 22.10.2020)

Jarand Holtekjølen Dugstad leia arbeidsgruppa fram til han slutta i stillinga. Anne Kathrine Løberg tok over og leia arbeidet vidare. Det har vore gjennomført 8 møte i prosjektgruppa. Under arbeidet med planen har det vorte henta inn innspel frå planforum i Ulstein kommune der representantar for desse kommunesektorane er til stades: Teknisk, oppvekst, kultur, folkehelse og helse og omsorg.

1.2 Medverknad

Gjennom arbeidet med landbruksplanen er det gjennomført eit arbeidsmøte med nærings- og interesseorganisasjonane i det lokale landbruksmiljøet. Dei to representantane til arbeidsgruppa vart vald i dette møtet. Møre og Romsdal fylkeskommune sin avdeling for næring og samfunn deltok på møtet og dei har vore behjelpeleg med inspirasjon til kafèdialogen. Det vart gjennomført 3 folkemøte/krinsmøte med gardbrukarane på same tid som planen vart lagt ut til høyring og til offentleg ettersyn.

1.3 Overordna mål for landbruks- og matpolitikken i Noreg

Landbruket er ei politisk styrt næring og det er stortinget som vedtek mål og retningslinjer for næringa. Målsettingane med dagens landbrukspolitik er å sikre matforsyninga, bevare kulturlandskapet og det biologiske mangfaldet og sikre at det er eit berekraftig landbruk over heile landet. Måla finn vi i landbruksmeldinga St. nr 11 «Endring og utvikling — En fremtidsrettet jordbruksproduksjon». Stortingsmeldinga legg vekt på fire overordna mål og nokre delmål:

Matsikkerheit	Landbruk over heile landet	Auka verdiskaping	Berekraftig landbruk
Auka berekraftig matproduksjon	Sikre bruken av landbruksareal	Konkurransedyktige verdikjeder og robuste einingar	Beskytte arealressursane
Trygg mat og fullverdig kosthald	Styre og bidra til sysselsetting og busetting	Gode kompetansemiljø	Produksjon av miljøgodar
Ivareta forbrukarinteressa	Politikk tilpassa regionale moglegheiter og utfordringar	Konkurransedyktige inntekter	Sikre naturmangfald
Noreg som konstruktiv og internasjonal aktør			Klimautfordringar - landbruket ein del av løysinga
Vidareutvikle Noreg som matnasjon			Redusere forureininga frå landbruket

1.4 Regionale føringar

Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal

Landbruksmeldinga er eit regionalt kunnskapsgrunnlag for å setje landbruket på den politiske dagsorden og vise konsekvensar av ulike vegval. Den er retningsgjevande for utviklinga av landbruket på regionalt nivå og bidreg til å styrke landbruket og landbruksbasert næringsutvikling i fylket. Meldinga vil også gje fylkeskommunen gode føresetnader for å vere ein tydeleg regional utviklingsaktør. Den skal legge grunnlag for ei endå betre koordinering og bruk av dei regionale verkemidla som fylkeskommunen og Statsforvaltaren forvaltar i samband med landbruk og landbruksbasert næringsutvikling.

Den nye meldinga er eit fellesdokument for både jord- og skogbruk, med fem delmål:

- Auka verdiskaping skal baserast på berekraftig og meir bruk av lokale ressursar.
- Landbruket skal ha ein viktig plass i den nye grønne økonomien.
- Landbruket skal ta miljø- og klimaansvar.
- Landbruket skal halde ved like og utvikle godt omdøme.
- Landbruket skal stå fram som ein attraktiv arbeidsplass.

Fylkesplanen

Fylkesplanen er ein plan for den heilskaplege utviklinga i fylket og den består av visjonar, målsettingar og strategiar for framtidig samfunnsutvikling. Det er fire målsettingar som er lagt til grunn for fylkesplanen 2021-2024:

- Samarbeidsfylket Møre og Romsdal.
- Miljøfylket Møre og Romsdal.
- Inkluderings- og kompetansfylket Møre og Romsdal.
- Verdskapingsfylket Møre og Romsdal.

I Fylkesplanen er det sagt følgjande: «Møre og Romsdal eit stort matfylke der landbruket spelar ein vesentleg rolle. Landbruket står for 10 prosent av ku,- storfe-, geit og sauehaldet i landet. Fylkestinget legg til grunn at landbruket i Møre og Romsdal framleis skal oppretthalde ein variert matproduksjon basert på lokale fôr-ressursar».

1.5 Lokale føringar

Samfunnsdelen av kommuneplanen er kommunen sin strategiplan. Saman med økonomiplan, årsbudsjett og arealdelen er kommuneplanen sin samfunnsdel det viktigaste overordna styringsverktøyet kommunen har. Samfunnsdelen skal omhandle visjonar, overordna mål og strategiar for utvikling av lokalsamfunnet, og for dei viktigaste områda kommunen har ansvar for. I gjeldande samfunnsdel har kommunen omtalt landbruksnæringa slik:

«Kulturlandskapet vert skapt av eit aktivt landbruk og landbruksnæringa er avhengig av å ha eit ressursgrunnlag for å ha ei aktiv drift. Gjennom kommuneplan sin arealdel stadfestar Ulstein kommune at det er prioritert å:

- oppretthalde mest mogleg av produksjonsgrunnlaget
- ivaretaking av kulturlandskapet i landbruket
- verdfull dyrka og dyrkbar jord, kulturlandskap og skogareal skal sikrast som ein ressurs for framtidige generasjonar.

Det skal i kommunen sikrast ein berekraftig bruk av areal og naturressursar. Kartlegging av landbruksareala som vart gjennomført ved sist rullering skal oppdaterast i arbeidet med arealdelen.»

Ulstein kommune har gjennom planstrategien for valperiode 2019-2023 vedtatt å starte arbeidet med kommunedelplan for landbruk. Kommunen ynskjer å vere ein aktiv medspelar og stimulere til næringsattraktivitet innom landbruket. Planen skal vurderast for revidering kvart 4. år i samband med rullering av planstrategien.

1.6 Berekraftsmål

FNs berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, utjamne ulikheiter og stoppe klimaendringane innan 2030. FN definerer ei berekraftig utvikling på følgjande måte:

«Utvikling som imøtekjem dagens behov utan å øydelegga moglegheitene for at kommande generasjonar skal få dekt behova sine»

FNs berekraftsmål går over fleire arenaer som miljø, økonomi, kultur og samfunnsutvikling. Landbruket og kommunen har ei sentral rolle saman for å nå måla. Skal landbruksnæringa klare å nå desse, må det leggst til rette for langsiktig utvikling, innovasjon, omstilling og kommunal dra-hjelp. Berekraftsmåla gjev difor viktige føringar for Ulstein kommune sitt arbeid med landbruksplanen.



Ulstein kommune ynskjer gjennom ein aktiv landbrukspolitikk, å bidra til at FNs berekraftsmål forsterkar næringslivet og skapar framtidsretta arbeidsplassar som er sosialt, økonomisk og miljømessig berekraftige. Eit livskraftig og berekraftig landbruk skapar også verdiar som påverkar miljøet og samfunnet rundt oss. Ulstein kommune vil gjennom ein aktiv og tydeleg næringspolitikk bidra til at FNs berekraftsmål vert tatt opp i kommuneorganisasjonen, samt medverke til å skape ei berekraftig utvikling i landbrukssektoren. Kommunedelplan for landbruk er sentral i dette arbeidet og Ulstein kommune løftar fram særskilt fem mål som er avgjerande for å skape eit berekraftig landbruk i vår kommune.



Mål 8: Anstendig arbeid og økonomisk vekst.

Målet skal fremme varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetjing og anstendig arbeid for alle.



Mål 9: Innovasjon og infrastruktur.

Målet er å bygge solid infrastruktur og fremme inkluderande og berekraftig industrialisering og innovasjon.



Mål 12: Ansvarleg forbruk og produksjon.

Målet omhandlar forbruksmønsteret vårt og produksjon av varer i eit livsløpsperspektiv.



Mål 15: *Livet på land.*

Målet handlar om å verna, retta opp igjen og fremme berekraftig bruk av økosystem og sikre biologisk mangfald.



Mål 17: *samarbeid for å nå måla.*

Dersom kommunen skal lykkast med berekraftsmåla, trengs det nye og sterke partnerskap. Myndigheiter, næringslivet og samfunnet må samarbeide for å oppnå berekraftig utvikling. Det er viktig at ein tilbyr partnerskap og synleggjer samarbeidsviljen.

Verkemidla til kommunen for berekraftig utvikling i landbrukssektoren er særleg innanfor arealplanlegging, samferdsel, bygg, avfallshandtering, og innafør kommunen si eiga drifts- og tenesteproduksjon. Kommunen vil vere ein pådrivar overfor næringsliv, organisasjonar og befolkning, og vil leggje til rette for ei berekraftig utvikling. Kommunen ynskjer å bidra til at landbruksnæringa også omstiller seg til ei berekraftig produksjon og forbrukarmønster med å integrere berekraftsmåla i sine verksemder. Dette vil styrke næringa og auke tilliten mellom forbrukar og produsent.

2. Landbruket i Ulstein kommune – status og utfordring

Talet på aktive bønder i kommunen er halvert i løpet av dei siste 20 åra. Innafor det same tidsromet er jordbruksarealet som vert hausta eller beita redusert med 20%. Når det har vorte færre bønder så betyr det ei auke i mengda med leigeareal. Likevel er det ikkje vanleg å ha 10-årig leigeavtale slik kravet er etter jordlova. Gjennom arbeidet med landbruksplanen vil det vere enklare å sette fokus på den driveplikta som kvar enkelt eigar har. Når det vert færre bønder er det ei utfordring å oppretthalde eit aktivt og levande landbruksmiljø, og konsekvensen vert relativt sett stor viss berre ein bonde legg ned drifta.

2.1 Sysselsetting og verdiskaping i landbruket

I 2019 var det 35 gardsbruk i drift i kommunen med i snitt 127 dekar dyrka areal per bruk. Det vert utført flest årsverk i mjølkeproduksjon på storfe og i sauehaldet. Kwart årsverk i landbruket skapar i tillegg ein til to arbeidsplassar i andre tilstøytande verksemder.

Matproduksjon og råvarer frå jordbruket i kommunen hadde i 2010 (tal frå NILF) ein salsomsetnad på 14,9 millionar kroner. Av dette hadde mjølkebruka inkl. kjøtproduksjon 72 prosent av omsetnaden, sauehaldet 17 prosent og ammeku 11 prosent. Nokre bønder har og arbeid med ulike tilleggsnæringar.

I 2019 vart det produsert 600.000 liter kumjølkk frå 8 mjølkebruk. Dette kan samanliknast med årsforbruket av drikkemjølkk, ost og andre meieriprodukt til vel 2.000 personar. I snitt har mjølkebruka 11 kyr og leverer årleg 74.500 liter mjølkk. Til samanlikning vart det i år 2000 produsert 1,4 mill. liter på 18 mjølkebruk.


I 2019 vart det produsert vel 77.000 kilo kjøt i kommunen, av dette er vel 58.000 kilo storfekjøt, 8.000 kilo svinekjøt og 11.000 kilo sauekjøt. Kjøtproduksjonen svarer til årsforbruket av kjøt til omlag 1.100 personar.

2.2 Jordbruksdrift

I Ulstein vert det utført flest årsverk i mjølkeproduksjon på storfe og i sauehald. Det er 13 gardsbruk med produksjon av storfekjøtt, og av desse er 8 mjølkebruk. Det er 23 sauebruk, 1 bruk med gris og 5 bruk med ammekyr. I tillegg har nokre bruk også hest og lama i kombinasjon med andre dyr. Vi finn fortsatt nokre bruk som produserer grønnsaker og bær på eit mindre areal.


a. Arealressursane

6 prosent av arealet i kommunen er dyrka jord. Dei største samanhengane jordbruksareala ligg på Flø og Roppane. Skogen utgjør 15 prosent av det totale arealet. Da er det rekna med både barskog og lauvskog.




Arealressursane i Ulstein kommune fordelt i dekar. Kjelde: NIBIO

Om lag 75 prosent av jordbruksarealet i kommunen er i aktiv drift. Vi antar at det er meir innmarksbeite i den delen som ikkje vert drive aktivt.




Dyrka mark som er i bruk til jordbruksproduksjon eller ikkje. Kjelde: Landbruksdirektoratet

Tal frå søknadane om produksjonstilskot viser at arealet det er søkt tilskot på har vore stabilt på om lag 4.400 dekar dei siste 10 åra. For vel 20 år sidan var talet om lag 20 prosent høgre.



Areal i dekar med dyrka mark som det er søkt om produksjon- og avløysartilskot. Kjelde: Landbruksdirektoratet


Tal frå søknadane om produksjonstilskot viser at det har vore 34 søkjarar siste åra. Av tala under her ser vi ein markant reduksjon frå 15 til 20 år sidan. Talet gardbrukarar var i år 2000 neste det dobbelte av i dag.



Tal bønder som har søkt om produksjon- og avløysartilskot. Kjelde: Landbruksdirektoratet


b. Husdyrproduksjonen

I den same tidsperioden 2000 – 2019 har og dyretalet gått ned, og det er stort sett ein reduksjon i alle dyreslag. I andre kommunar kan vi sjå at småfe (sau) tek over for storfe, men det er ikkje tilfellet i Ulstein.



Dyretalet fordelt på dyreslag som det er søkt om produksjon- og avløysartilskot. Kjelde: Landbruksdirektoratet

Tal produsentar er høgare enn dei 60 som søker tilskot. Årsaka er at nokre produsentar har fleire produksjonar. Til dømes kominasjon av «mjølk, ammeku og andre storfe». Utviklinga viser ein stor reduksjon i alle produksjonane, bortsett frå ammeku.



Tal bønder/ produsentar som har søkt om produksjon- og avløysartilskot fordelt på dyreslag. Kjelde: Landbruksdirektoratet

2.3 Kulturlandskap og beitebruk

Siste åra har tal bruk i drift vore stabilt og den driftsforma som har auka er bruk med utgangarsau. Det har vorte færre dyr på beite i utmarka og vi ser at tungvint innmarksareal har gått ut av aktiv drift. Dette gjer at både innmark og utmark gror att, og småskog og einer tek over desse areala. Attgroing langs vegane våre tek utsikta og er særleg merkbart der det før var ope landskap.

Dei ulike tilskotsordningane innanfor tradisjonell bruk er derfor viktig for å motverke denne endringa. Det trengst fleire dyr både på innmarks- og utmarksbeite for å hindre den stadig aukande attgroinga i vårt vakre kyst-, fjell- og fjordlandskap.

Målsetjinga i gjeldande strategi for bruken av SMIL-midlane (Særskilt miljøtilskot i landbruket).

- Motverke attgroing, ivareta kulturminne og unngå tap av biologisk mangfald som er knytt til landbruket. Fremje aktiv beitebruk både på innmarksbeite og i utmark. Gjere det lettare å halde dei små bruka i aktiv drift og få areal ut av bruk i drift att.
- Motverke forfall av eldre, potensielt, verneverdige bygningar som kan reknast som kulturminne.
- Tiltak som fremjar organisert beitebruk.
- Betre moglegheitene for ferdsel og opplevingar i kulturlandskapet.

2.4 Klima, energi, forureining

Målsetjinga i gjeldande strategi for bruken av SMIL-midlane (Særskilt miljøtilskot i landbruket): Bidra til å redusere forureininga frå jordbruket ved til dømes:

- Hydrotekniske anlegg
- Klimaplantingar/ leplantingar
- Landskapsplantingar
- Vegetasjonssonar
- Vedlikehaldsgrøfting av gamal kulturmark og innmarksbeite
- Grøfting av dyrka mark
- Fangdam/ våtmark
- Sikker lagerplass for rundballar

2.5 Driveplikt – auka matproduksjon

Utgangspunktet for driveplikta er å sikre produksjon av mat. Eigaren av jordbruksarealet må sørge for at produksjonsevna på jorda vert teke i vare. Jorda skal kunne nyttast til vanleg jordbruksdrift og gi moglegheit for normal avling. Både omsynet til kulturtilstanden på arealet og til kulturlandskapet skal takast i vare. Verken beitepussing eller å slå med plenklippar er godt nok for å oppfylle driveplikta. Det er ikkje eit krav i driveplikta at tiltaket skal gi lønnsam drift.

Heimelen for driveplikta følger av jordlova §8 og regelen er at jordbruksareal skal drivast. Dette gjeld fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Jorda skal haustast og kultiverast kvart år slik at den ikkje vert mindre verdifull over tid.

Driveplikta rettar seg mot eigaren og gjeld i heile eigartida. Plikta kan takast i vare ved bortleige og det må ligge føre ein skriftleg leigeavtale på minst 10 år. For leigetakaren må arealet gi ei driftsmesse god løysing i lag med arealet han leiger eller eig frå før.

Det har aldri vore gjennomført ein systematisk gjennomgang av korleis driveplikta vert oppfylt i kommunen. Med erfaring frå nabokommunen Hareid, ser vi det som svært viktig å gjennomføre dette arbeidet. Det vil vere med på å auke bevisstheita om korleis eigarane forvaltar eigen eigeedom. Men det viktigaste er at dei gardbrukarane som drive aktivt landbruk får skriftlege leigeavtalar på den jorda som dei leiger av andre. Det er med på å gi større stabilitet i forhold til det driftsgrunnlaget som ligg til grunn for matproduksjonen.

2.6 Tilleggsnæring

Einaste bedrifta, med direkte knytning til landbruket, er Gode greier frå Gjerdsbakkane. Her vert det vidareforedla bær til sylte og saft for sal. I tillegg har dei ein «foodtruck» for sal av eigne og andre sine lokalproduserte matvarer.

2.7 Skogbruk

Det er planta til eller skogreist om lag 2.600 dekar med barskog i perioden 1957 til 2003. I starten vart det planta mest sitkagran, men etter kvart vart det også planta vanleg gran og noko furu. Frå tidlegare er det og planta både furu og lerk.

Vi har ikkje anna oversikt over skogen i kommunen enn data frå skogreisinga. Eit stipulert hogstvolum utgjer 10 – 12.000 kubikkmeter for perioden 2014 – 2060. Så langt er det ikkje sett i verk ordinær hogstaktivitet. Det som er hogd så langt har vore etter stormfellingar eller for omdisponering til byggefelt. Tømmervolumet som er henta ut siste 20 åra utgjer totalt 3.400 kubikkmeter.



Produktivt skogareal i Ulstein kommune fordelt på barskog og lauvskog. Kjelde: NIBIO og tal frå skogreisinga.

3. Handlingsprogram

Handlingsprogrammet er delt inn i 8 tiltaksområde utan prioritert rekkefylje. For kvart av områda er det laga ein visjon som syner kva vi vil oppnå innafor planperioden.

Tiltaksområda er:

1. Synleggjere landbruket i lokalsamfunnet
2. Miljø og klimatiltak
3. Jordvern
4. Auke matproduksjonen
5. Kulturlandskapet
6. Driveplikta
7. Tilleggsnæring
8. Utnytting av skogressursane

Handlingsprogrammet er delt inn i målsetting, tiltak og ansvar. Vi har fokusert på nokre få mål under kvart tiltaksområde for at tiltaka skal vere realistiske å gjennomføre i planperioden.

3.1 Synleggjere landbruket i lokalsamfunnet

Visjon: Styrke det landbruksfaglege miljøet gjennom møteplassar og nettverk.

Målsetting	Tiltak	Ansvar
Styrke omdøme til landbruksnæringa	Årlege informasjonsmøte om landbruksnæringa. Besøk og aktivitetar for skular og barnehage. Brosjyre om landbruket.	Planforum Landbruksavdelinga i lag med landbruket sine organisasjonar.
Auke kunnskapen om landbruksnæringa i Ulstein-samfunnet	Landbruket høyrer med når Ulstein kommune presenterer seg i alle samanhengar. Arrangere «open gard» eller landbrukets dag.	Planforum/kommunestyret. Landbruksavdelinga i lag med landbruket sine organisasjonar.
Oppnå kontakt med nye gardbrukarar	Informasjon til nye brukarar om drift og generasjonsskifte. Netteverk for nye småskala landbruksproduksjonar.	Landbruksavdelinga og Mattilsynet. Landbruksavdelinga i lag med landbruket sine organisasjonar.
Ulstein kommune satsar på landbruket	Gjere landbruket meir synleg i kommunen sine infokanalar.	Landbruksavdelinga, teknisk etat og servicekontoret.

3.2 Miljø- og klimatiltak

Visjon: Kommunen skal bidra til å redusere klimagassutslepp og stimulere til effektive tiltak mot forureining.

Målsetting	Tiltak	Ansvar
<p>Avrenning frå dyrka mark.</p> <p>Unngå tap av jord med høgt innhald av næringsstoffa fosfor og nitrogen som fører til eutrofiering i vassdrag og sjø.</p>	<p>Arbeide for alle tiltak som avgrensar jorderosjon og forureining.</p> <p>Hydrotekniske anlegg som å opne lukka bekkar/ kanalar.</p> <p>Etablere kantvegetasjon langs vassdrag.</p> <p>Fokus på meir effektiv og riktig gjødsling ved å redusere gjødsling med Nitrogen.</p> <p>Plastring av bekk og elv for å hindre masseutgliding.</p>	Landbruksavdelinga og gardbrukarar
<p>Punktutslepp.</p> <p>Hindre forureining av gjødsel, fòrlager, kloakkavløp og vatn frå vaskeplass m.m.</p>	<p>Aktiv oppfølging av lovar og reglar.</p> <p>Fokus på temaet ved kontrollar og gardsbesøk.</p> <p>Ved ombygging og nybygging må dette sikrast i byggesak.</p>	Landbruksavdelinga og teknisk etat
<p>Avfall. Unngå villfyllingar og plast på avvegar.</p>	<p>Utøve kontroll ved synfaringar.</p> <p>Fjerne og rydde villfyllingar.</p> <p>Opplyse om resirkulering og SSR si ordning med gratis levering av landbruksplast.</p> <p>Sette ut containarar (årleg) i krinsane for innsamling av landbruksplast og metall.</p>	Gardbrukarar, landbruksavdelinga og SSR

Målsetting	Tiltak	Ansvar
Avfall forts.	Fokus på at avfallshandteringa skal inngå i miljøplanen til gardsbruket.	
Klimagass. Redusere klimagassutslepp frå landbruket. Oppretthalde karbonlager i myr og skog.	<p>Nydyrking av myr bør unngåast, og haldast på eit lågt nivå.</p> <p>Skogen må forvaltast gjennom aktiv og berekraftig bruk.</p> <p>Informasjon gjennom prosjekter.</p> <p>Stimulere til vedlikehald og grøfting/ drenering av dyrka mark.</p>	Landbruksavdeling og skogeigarlag

3.3 Jordvern

Visjon: Jordbruksareal skal ikkje omdisponerast til anna føremål enn landbruk.

Målsetting	Tiltak	Ansvar
I minst mogleg grad ta dyrka mark og dyrkbar jord i bruk til andre formål enn matproduksjon.	Ved ynskje frå grunneigar/ utbygger om nedbygging av dyrka jord bør ein aktivt sjå på alternative uproduktive areal.	Teknisk etat i samarbeid med landbruksavdelinga.
Avgang av dyrka mark til andre formål enn matproduksjon må ikkje overstige 5 dekar pr. år.	Årleg informasjon til kommunestyret om målsetjinga er oppnådd.	Politikarane. Kommunalsjef teknisk i kommunen i samarbeid med landbruksavdelinga.
Sterkere vern av dyrka mark og dyrkbar jord innafor omsynssone landbruk.	Unngå dispensasjon frå kommuneplanen i forhold til omdisponering.	Politikarane.
Fortetting for å redusere trykket på nedbygging av dyrka mark.	Utarbeide reguleringsplanar i område der det er små flekkar jord mellom husa for å lette presset på samanhengande dyrka areal.	Planmyndigheit i kommunen og landbruksavdelinga.
Ta vare på jordsmonnet (jorda) ved nedbygging av dyrka mark til byggefelt, industri, vegar m.m.	Utarbeide standard avtale mellom kommune, grunneigar og bonde som treng jorda for jordforbetring eller nydyrking.	Kommunalsjef teknisk i samarbeid med landbruksavdelinga.
Det skal nydyrkast tilsvarande areal med om lag same kvalitet som det som vert tatt i bruk til andre formål enn jordbruk.	Ved nedbygging av dyrka mark skal det gjerast avtale med utbygger om at tilsvarande tal dekar skal dyrkast opp.	Politikarane. Utbygger, teknisk etat og landbruksavdelinga.

3.4 Auka matproduksjon

Visjon: Ta godt vare på matjorda og dei aktive gardbrukarane.

Målsetting	Tiltak	Ansvar
Auke talet på gardsbruk/ jordbruksareal i aktiv drift	<p>Stimulerer aktive gardbrukarar til å halde fram med mjølk- / kjøtproduksjon.</p> <p>Legge til rette for mangfaldet i storleik på bruk og type landbruksaktivitet.</p> <p>Møteverksemd.</p>	<p>Landbruksorganisasjonane i lag med landbruksavdelinga og landbruksrådgivinga (NLR, LNV).</p> <p>Kommunestyret og landbruksavdelinga</p> <p>Landbruksavdelinga</p>
Betre kvaliteten på jordbruksareala	Kommunalt tilskot til å drenere jordbruksareal	Kommunestyret
Auke mangfaldet i landbruket	Bevisstgjøring om moglegheitene innafor lokalmatproduksjon og foredling.	Landbruksorganisasjonane i lag med landbruksavdelinga
	«Smak av Ulstein» og Bondens marknad	Kulturkontor, landbruksavdelinga
	Etablere fast torgbod	Teknisk etat
	Leggje til rette for bynært landbruk eller andelslandbruk	Arealplanen i kommunen, gardbrukarar og landbruksavdeling
	Bevisstgjøring om moglegheitene innafor hjortejakt som tilleggsnæring	Landbruksorganisasjonane og landbruksavdelinga.
Bruk av kortreiste og økologiske matvarer i kommunale verksemdar	Søre Sunnmøre Matmanifest	Kommunestyret

3.5 Kulturlandskapet

Visjon: Ta vare på og gjenskape kystkulturlandskapet gjennom aktiv bruk

Målsetting	Tiltak	Ansvar
Skjøtte og hauste kulturlandskapet	Husdyrbeiting med tilpassa husdyrslag. Skogskjøtsel.	Gardbrukarar
Verne om og skjøtte kulturminna	Samordne kommunen sin kulturminneplan og landbruksplan	Teknisk etat Landbruksavdelinga
Hindre attgroing av kystlynghei, naturbeitemark og strandsoneeng	Forvaltingsplanar. Lyngbrenning og beiting. Kommunalt tilskot til ny beiteteknologi (t.d. Nofence)	Statsforvaltaren. Beitelag. Faglag. Landbruksavdelinga. Kommunestyret
Auke bruken av utmarka til beiting	Gjerdehald eller bruk av ny teknologi. Møter og rettleiing til brukarane. Informasjon til ålmenta og brukarar. Fleire skilt om bandtvang i turområda og med kommunen sin logo. Fe-rister på kommunale vegar og fylkesveg. Vurdere lokal forskrift om bandtvang.	Gardbrukarar og landbruksavdeling i lag med landbruket sine organisasjonar. Teknisk etat. Teknisk etat og landbruksavdelinga. Landbruksavdelinga.

3.6 Driveplikta

Visjon: Bevisstgjere forvaltaransvaret til alle eigarar av landbruksjord

Målsetting	Tiltak	Ansvar
Følgje aktivt opp driveplikta på eigedomar med meir enn 5 dekar fulldyrka jord	Politisk sak til Kommunestyret om korleis driveplikta skal fyljast opp.	Kommunestyret
	Skrive til alle som tek over landbrukseigedom med orientering om driveplikta	Landbruksavdelinga
	Be om kopi av skriftleg leigeavtale frå alle som driv jordbruksareal for andre.	Landbruksavdelinga
At all dyrka jord er i bruk og ikkje ligg brakk	Formidle kontakt mellom grunneigar og bonde som treng meir areal.	Landbruksavdelinga

3.7 Tilleggsnæring

Visjon: Landbruksnæringa i Ulstein kommune skal vera livskraftig, framtidsretta og mangfaldig.

Målsetting	Tiltak	Ansvar
Etablere samarbeid om gardsturisme	Nettverksmøte. Kartlegge potensialet.	Ulstein Næringsforum og Landbruksavdelinga i lag med landbruket sine organisasjonar.
Alternativ bruk av ledige bygningar på gardsbruk	Utarbeide rettleiar for bruksendring.	Teknisk etat Landbruksavdelinga
Ta i bruk «Inn på tunet» konseptet.	Støtte opp om bønder som ønskjer å leggje til rette for t.d. «grøn omsorg».	Landbruksavdelinga
	Legge til rette for opphald på gardsbruk i undervisning og for folkehelse.	Omsorgsetaten
	Arrangere seminar om moglegheitene i landbruket.	Landbruksavdelinga Hoppid.no

3.8 Utnytting av skogressursane

Visjon: Leggje til rette for kommersiell utnytting av skogressursane.

Målsetting	Tiltak	Ansvar
Betre tilkomsten og utnytting til produktive skogområde	Gjennomgang av akseltrykk for tømmertransport på kommunale vegar	Landbruksavdelinga Teknisk etat
	Rettleiing og opplæring av skogeigarane	Skogeigarlag i lag med landbruksavdelinga
	Småskalaforedling av skog	Skogeigarlag i lag med landbruksavdelinga
Følgje opp planting etter hogst	Planting etter hogst, binding av CO ₂ .	Landbruksavdelinga
Auke bruken av tre i nye landbruksbygg og kommunale bygg (jf. nasjonal målsetting)	Marknadsføre Innovasjon Norge si tilskotsordning for bygg i tre	Landbruksavdelinga Kommunestyret